

Mykje kjekt for dei unge under FestidaGen!

19.05.2015



FestidaGen-nemnda: Linn(f.v.), Janne, Beate, Ann Katrin og Bettina med Norah og Sigri framme. Hege og Ingunn var på jobb.

Barne- og ungdomstilbodet FestidaGen har vorte ein knallsuksess etter at det vart introdusert under Festidalen i 2013. I fjar var det 180 betalande deltagarar på dei ulike tilboda, og på avslutningsshowet i Aktivitetshuset om laurdagen var det stappfullt. Med det varierte, spennande og nyskapande programmet til årets FestidaGen, vil nok denne suksesen heilt sikkert utvikla seg vidare.

Programmet vart presentert på ein pressekonferanse i Kulturhuset Husnes i dag, og nemnda som har ansvaret for FestidaGen, kunne leggja fram ein svært forlokkande og variert meny med 12 aktivitetar.

Leiar i FestidaGen-nemnda, Janne G. Hjønnevåg, kunne fortelja at det var plass til 262 deltagarar dersom alle gruppene kom i gang og vart fullteikna.

- Vi prøver å finna fram til aktivitetar som vi ikkje har her i kommunen, og som kan verka nye og spennande for målgruppa. Derfor har vi kvart år nokre nye aktivitetar på programmet. Likevel har vi også nokre aktivitetar frå tidlegare år. Det er fordi vi veit deltagarane ønskjer det, sa Janne mellom anna innleiingsvis før nemndmedlemmene som var til stades, presenterte dei ulike tilboda.

Med seg i nemnda har ho hatt Bettina Ørbeck, Ann Katrin Aksnes Haugland, Linn Stene Hellås, Beate Solem Røssland, Hege Lekva og Ingunn E. Myklebust. 5 frå nemnda deltok på pressekonferansen der Norah Hjønnevåg og Sigri Lekva reprenterte den yngre garde.

I fjar var **Festidagbladet**, **Cheerleading**, **Mini-Newton** og **Filmgruppe** på plakaten. Festidagbladet kan det verta også i år. Cheerleading vart svært populært i fjar og hadde imponerande nummer i avslutningsshowet. I år kjem leiaren frå Sotra tilbake med nye instruktørar. Populært var det også med Mini-Newton. I år vert det to ulike oppfølgingsgrupper: **Trylling** med magi, triks og trylleri, og **Vitenfest**. Spennande saker!

Filmgruppe har det vore begge dei to føregåande åra då dei har laga flotte musikk-videoar. I år går dei eit steg vidare. Dei skal både skriva manus og laga film.

I tillegg er det mykje nytt. I **Festidalen** får vi nok sjå mykje talent når deltagarane skal laga festlege nummer av Festidalen-artistar. For dei yngste er **Rocketroll** ein oppfølgjar til Fabeldyr og Kunst i fjæra dei to føregåande

åra. I **Redesign** vil 3 flinke damer læra frå seg korleis ein kan gjera gamle kle nye. Dei vil kanskje også fiffa opp litt på FestidaGen-t-skjorter?

Høyrer **Parkour** spennande ut? Det er ein rørsleidrett der ein konkurrerer med seg sjølv og ingen andre. Verd å prøva!

Gjennom **Festauranten** skal deltakarane spreia matglede og gode matopplevelingar. Her skal det lagast festmåltid, og så kan deltakarane invitera med seg bestefordre eller andre seniorar på ei gastronomisk FestidaGen-oppleveling.

Det kan ofte vera vanskeleg å finna aktivitetar som slår godt an hos ungdommar frå 16 år og oppover. Det trur nemnda dei har klart med tilbodet om å prøva verdsslagaren på to hjul, **Segway**.

Også i år vert det **Småstjerner**-konkurranse. Det skjer som ein del av FestidaGen-showet om laurdagen kl. 11. Der vil også fleire av gruppene ha programinnslag. På det showet vert det nok stappfullt i Aktivitetshuset.

For å finna ein fullstendig oversikt over det rikhaldige FestidaGen-programmet må de klikka inn på [heimesida til Festidalen](#). Der kan de også melda dåke på aktivitetane. Det gjeld å vera raskt ute, for eg er sikker på at det vert fullt på nokre aktivitetar ganske fort!

Eg ser verkeleg fram til å sjå alle FestidaGen-deltakarane pryda bygda i sine blå t-skjorter i månadskiftet juli/august!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland